

Tilskot via fylkeskulturavdelinga

Her kan ein søkje på ulike tilskot, m.a. kulturverntilskot, konsertstøtte, fleirkulturell verksemd m.v.

Musikkverkstadordninga

Her kan ein søkje om midlar innan fleire område, m.a. utstyr til øvingslokale, opplæring m.v. Formålet er å støtte verksemd som styrker og utviklar aktivitet. Meir informasjon på www.mvo.no.

Norsk kulturråd

Har ei rekkje ordningar ein kan søkje på. Meir informasjon på www.kulturrad.no.

Kulturminnefondet

Har to årlege søknadsfrister, og tildeler midlar til ulike tiltak. Meir informasjon på www.kulturminnefondet.no.

Andre støtteordningar

På www.tilskudd.no finn du andre aktuelle stader å søkje støtte på.

Anna

Norddal kommune deler annakvart år ut kulturpris til einskildpersonar eller lag i kommune som har gjort ein ekstraordinær innsats for kulturlivet. Dette blir annonsert i god tid slik at ei kan sende inn forslag til aktuelle kandidatar.



NORDDAL KOMMUNE

6210 Valldal



**Informasjon om
ulike støtteordningar
innanfor
kulturområdet**

Formål

Formålet med dei ulike tilskotsordningane er å stimulere aktiviteten i frivillige lag og organisasjonar, og å støtte kulturtiltak i regi av einskildpersonar og organisasjonane.

Søklarane

Norddal kommune kan etter søknad gje tilskot til frivillige lag og organisasjonar og einskildpersonar. Søklar skal i hovudsak ha hovuddelen av sitt arbeid i kommunen, eller arbeidet skal vere retta mot innbyggjarane i kommunen. Lag og organisasjonar som søker skal vere demokratisk oppbygd, og opne for alle.

Tilskotstypar

Ein gjev følgjande tilskot:

- Kulturmidlar til lag og organisasjonar, vert tildelt årleg. Søknadsfrist 1. april på eige skjema.
- Forsamlingshus kan søkje om støtte til investeringar. Søknadsfrist 1. april på eige skjema. Investeringsstøtte blir gitt maks ein gong til kvart prosjekt.
- Tilskot til leiaropplæring innan barne- og ungdomsarbeid. Ingen søknadsfrist.
- Tilskot til særskilte tiltak (prosjekt). Avgrensa tiltak som er nyskapande og utprøvande. Søknadsfrist: Minst 6 veker før tiltaket skal settast i verk.
- Tilskot/underskotsgaranti til større arrangement. Søknadsfrist: Minst 6 veker før arrangementet.
- Tilskot til vedlikehald av stiar som er med på turstikartet. Grunneigarar vert oppmoda om å søkje SMIL-midlar til slike tiltak. Søknadene vert å sjå i samanheng. Søknadsfrist. Som SMIL-midlane.

Kulturmidlane vert fordelt av administrasjonen. Tilskot knytt til dei andre ordningane vert politisk handsama av Driftsutvalet når dei er over 5.000 kr, mindre summar vert handsama administrativt, jfr. delegasjonsreglementet.

Særskilte vilkår

Det kan gjerast vedtak om at andre søklarar og/eller tiltak også kan få tilskot. Det må i så fall ligge føre særskilte grunnar for dette.

Andre aktuelle støtteordningar

Spelemidlar

Ein kan søkje om spelemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, og ein kan få dekt inntil 1/3 av godkjente kostnader. Planane må vere med i delplan for idrett og fysisk aktivitet. Kommunen har til no også vore med og bidratt i slike prosjekt. Planane må meldast inn til kulturkontoret innan oktober.

Statstilskot til lokale kulturbygg

Ein kan søkje om midlar til bygging og rehabilitering av kulturbygg. Driftsutvalet har gjort vedtak om at kommunen også vil bidra med inntil kr 150.000 til prosjekt som får slik støtte.

Frifond

På www.frifond.no kan ein søkje på midlar til aktivitetar for barn og unge. Dette er pengar som kjem frå overskotet til Norsk tipping. Det er ingen søknadsfrist, og rask sakshandsaming.